



Johanna undervegs mot Fonnabu for andre gongen i sitt liv. (Foto.Helga Yri Hivand)

Uskedalen har mange fjellgeiter, men to av dei er i særklasse: Johanna Yri (81) og Tordis Myklebust (71). I førre veka var dei med på ein tur som var litt utanom det vanlege, den gjekk til Fonnabu på Folgefonna!

- Eg har vore der oppe berre ein gong tidlegare og det var for ti år sidan. Eg har tenkt lenge på ein ny tur og no fekk eg sjansen, seier Johanna.

Turen gjekk etter det gamle turistruta om Gardshamarsetra og Breidablikk.

-Vi brukte lang tid opp, faktisk sju timer frå parkeringsplassen nede i Sunndal. Det var fordi eg var med. Eg har for lite trening og det eine beinet som eg opererte for få år sidan er enno ikkje heilt på topp. (Johanna fekk nytt kne, red.anm.) Dessuten var det fleire urer undervegs som ikkje var så lette å forsera.

-Korleis var turen ellers?

- Veret var fint oppover, men om hatta bles det så kraftig at vi fekk nesten ikkje sova. Vi gjekk nesten same vegen nedatt. Då låg skodda tjukk, men ein i gjengen hadde GPS så det gjekk greitt.

- Var du sliten då du kom heim?

- Nei, men eg må innrømme at eg var i seng nokså snart!

- Mange er imponerte over at ein 81-åring som til og med har skifta kne kan vera så sprek...

- Det har eg vondt for å forstå!

Av Ola Matti Mathisen



Tordis og Johanna – to ekte fjellgeiter! (Foto: Helga Yri Hivand)